

27.09.01

Ordliste, bestandsvurdering

alders- og lengdestrukturert – fiskebestanden er inndelt i mange smågrupper ut frå alder og lengde. Ein kan tenkja seg at ein fyrst grupperer fisk etter alder. Deretter deler ein kvar alder inn i grupper basert på fisken si lengde, slik at fisk som er om lag like lang tilhøyrer ei gruppe. T.d. kan ein gruppera jamgamel fisk i 5 cm lengdeintervall. På den måten vert det ein alders- og lengdestrukturert modell.

arismetisk middel – gjennomsnittsverdi som vert rekna ut ved at ein legg saman alle verdiane og deler på antal verdiar. Døme: Det arismetiske middelet (gjennomsnittet) av 4, 15 og 20 er 13.

assessment – berekna storleiken på ein (fiske)bestand målt i antal; bestandsvurdering.

estimat – berekna verdi; i mange andre samanhengar: overslag.

biomasse – mengde (her målt i tonn) av levande fisk.

fiskeriavhengige data – data brukt i assessment (bestandsvurderingar) som er henta frå fiskeflåten, t.d. fangst i antal tonn.

fiskeriuavhengige data – data som er samla inn uavhengig av kommersielt fiske, t.d. informasjon samla inn på forskningstokt.

VPA – Virtuell Populasjons Analyse - bestandsberekningsmodell av rekneskapstypen.

XSA – Extended Survivor Analysis - variant av VPA.

indeks- tal som gjev relativ utvikling over tid.

kannibalisme - fisk av same art et kvarandre.

konsistent informasjon – informasjon som peiker i same retning, som ikkje spriker.

kohort – her : årsklasse, all fisk av ei art som er fødd i same år; eigentleg: gruppe med sams faktor, t.d. alder.

lengdevekst – her: auke i middellengda til fisk i dei ulike lengdegruppene i løpet av eit år.

modell – (forenkla) attgjeving av røyndomen, matematisk formulering av røyndomen i forenkla form. Ein modell tek ofte for seg berre dei viktigaste sidene ved røyndomen og uttrykkjer desse gjennom matematiske formlar.

mortalitet – dødsrate, eit mål på kor stor del av bestanden som døyr i løpet eit år. Sjå illustrasjon.

parameter – variabel som vert tildelt verdi frå gong til gong. I ein modell vil det vera parametrar som får tildelt verdi, og verdien på parametrane bestemmer resultata som modellen vil gje. Verdiane til parametrane kan anten veljast av brukaren på førehand eller bereknast under køyring av modellen ut frå inndata til modellen. prognose- venta utvikling, teori om venta utvikling.

populasjonsmodell – matematisk formulering (modell) av livsløpet til ein populasjon (bestand). Populasjonsmodellen tek sikte på å beskriva utviklinga på bestandsnivå, ikkje individnivå.

rapporterte fangstar – offisielt registrerte fangstar, målt i tonn.

rekruttar – fisk med den minste alderen som er inkludert i modellen. Ofte er rekrutteringsalder sett til 3 år, slik at ein årsklasse kjem inn i modellen som rekruttar det året dei vert tre år, dvs 3 år etter det året dei vart gytt. Ordet rekrutt betyr opphavelig tilvekst, og kan her tolkast som tilvekst til bestanden.

scenario – framtidsskildringar, som oftast basert på ulike antakingar om korleis utviklinga vil gå.

strategi - framgangsmåte for å nå eit fastsett mål.

toktindeks – indeks som måler antal fisk fordelt på alder og lengdegrupper i eit forskningstokt.